

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.03.2021

Handsaming i møte

Denne referatsaka vart ettersend på e-post til KUV 17.03.2021.

Sekretariatet sende slikt spørsmål til seksjonssjef økonomi i organisasjons- og økonomiavdelinga 16.03.2021:

«I vedtaket frå fylkestinget 29.09.2020 vart det etter forslag frå leir i kontrollutvalet vedteke slikt punkt 5: Prosjektrekneskap vert lagt fram for revisor og kontrollutvalet før endeleg politisk behandling. Burde ikkje det også vore ein del av retningslinene?»

Seksjonssjef organisasjon og økonomi svarte slik 17.03.2021:

«Punkt 5 i fylkestinget sitt vedtak vert sjølvstøtt etterlevd i handsaminga av prosjektrekneskapa utan at det har vore naturleg å ta det inn i retningslinene for utarbeiding av prosjektrekneskap. «Handsamingslinja» av eit utarbeidd prosjektrekneskap er revisor, kontrollutval og fylkesutval/evt. fylkesting - i samsvar med fylkestinget sitt vedtak.»

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.